

KONSESJONSKRAFTFORVALTNINGA 2019

Bakgrunn

I tråd med gjeldande rutinar i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune vert det no lagt fram årsrapport for konsesjonskraftforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune rekneskapsåret 2019. Årsrapporten vert å leggja fram for Vestland fylkesting jf samanslåinga frå 01.01.2020.

Konsesjonskraftforvaltninga

Gjeldande strategidokument for konsesjonskraftomsetjinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune seier at det skal rapporterast til fylkesutvalet/fylkestinget kvart tertial. For tredje tertial rapporterer vi på resultat for heile året, samt at vi ser på utsiktene framover.

Nøkkeltal konsesjonskraftforvaltninga 2016 - 2019:

mill. kr	2016	2017	2018	2019
Revidert budsjett	-45	-46,5	-56	-70
Innkjøpskostnader	52,3	50,6	51,9	42,6
Forvaltning/omkostnader	0,8	0,8	0,7	0,6
Sikringssal	-74,1	-64	-72,5	-79,8
Spotsal	-22,6	-34,6	-36,5	-33,2
Finansielt oppgjer Aurland				-7,6
Agio tap/vinst	1,9	-3,9*	0,1	-0,8
Tap/tilb.bet tap - Nasdaq			1,1	-0,4
Bruk/avsetjing fond agio	-1,9	0,6*	-0,1	
Resultat	-43,6	-50,6	-55,3	-78,6
Avvik Budsjett - Rekneskap	-1,4	4,1	-0,7	8,6

* Tilbakeføring av feilføring agio 0,568 mill.kr. 2016

	2016	2017	2018	2019
Volum omsett kraft (Gwh) (inkl 30 aurland)	386,8	376	379	366
Kostnader innkjøp kraft inkl. innmating (øre/kwh)	13,5	13,5	13,7	12,7
Sikring i prosent av eiga omsetning	73	67	77,4	78,5
Oppnådd pris samla volum (øre/kwh)	25	26,2	28,7	36
Oppnådd pris sikringsvolum (øre/kwh)	26,6	25,4	24,7	30,4

Volum

Totalt volum konsesjonskraft i 2019, som vi forvalta sjølv, var om lag 336 GWH. Frå 2018 til 2019 var det ein større reduksjon i fylkeskommunen sitt konsesjonskraftvolum (-44 GWH). Reduksjonen har sin årsak i endra/auka uttak i kommunane, jf. kommunane sin primære rett, avgrensa av utvikling i alminneleg forbruk i kommunen. Det vesentlege var auke i Aurland kommune der m.a. 30 gwh var knytt til etablering av ei datalagringsbedrift i kommunen. På vårparten 2019 vart det klart at etableringa ikkje vart gjennomført. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland kommune vart då samde om eit finansielt oppgjer for den konsesjonskraftmengda (30 gwh) fylkeskommunen skulle hatt.

Samla sett har Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019 hatt om lag 366 gwh konsesjonskraft til disposisjon.

Sikringsstrategi

Gjeldande sikringsstrategi vart vedteken i oktober 2017 (FT-sak 37/17). Etter sikringsstrategien skal 80% av volumet vera sikra ved inngangen til budsjettåret. Jf. sikringsstrategien har fylkesrådmannen fullmakt til å avvike frå den vedtekte normalstrategien med inntil 75% dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 euro frå marknadsprisen. Det er vidare presisert at vi ved inngangen til kvart kvartal skal vera ajour med normalstrategien – dvs. vi kan ikkje ha avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering.

Marknadssituasjon har, heilt sidan hausten 2015, vore slik at rådmannen sin fullmakt til å avvika frå normalstrategien har vore til stades. Fylkesrådmannen har i heile perioden, i samråd med vår forvaltar Markedskraft, nytta fullmakta i stor grad.

Denne fullmakta har fylkesrådmannen nytta gjennom året og pr 1 kvartal 2020 er status for prissikringa slik:

	2020	2021	2022	2023
Sikra hittil GWh:	275	188	96	26
Sikringsgrad i % hittil:	82 %	56 %	29 %	8 %
Skal ha sikra GWh innan utløp av Q1-2020:	269	207	117	28
Restvolum inneverande kvartal, GWh:	-6	19	21	2
Avvik frå prissikringsstrategi i %:	-3 %	9 %	18 %	7 %

Valutasikring

Parallelt med prissikring av kraftsalet sikrar vi også valutakursen på EURO mot NOK. Det betyr at vi i 2020 har valutasikra om lag 82% av omsetninga. Dei resterande 18%, som vert selt i spotmarknaden, er såleis utsett for valutasvingingar. I tillegg har vi valutarisiko på det vi har ståande på våre tre EURO-kontoar.

Agio

Valutakursen på NOK mot EURO var relativ stabil gjennom 2019. Kursen pr. 31.12.18 var 9,79 medan kursen pr. 31.12.19 var xx. Vi avstemmer våre EURO-kontoar mot NOK med kurs pr. 31.12. For 2019 har vi ein gevinst agio på 0,8 mill. kr som er inntektsført i driftsrekneskapet.

Områdepris/systempris og meirverdi på forvaltning

I våre prognosar har vi lagt til grunn systempris. Vi sel vår konsesjonskraft i område NO3 og NO5. Områdeprisen har normalt vore noko lågare enn systempris, men dette kan svinge mykje år for år. I tillegg klarer vår forvaltar, Markedskraft, gjennom si forvaltning å ta ut ein meirverdi i høve systemprisen. I budsjettføresetnadane estimerte vi samla at desse to elementa gjekk i balanse. Rekneskapen viser at vi netto fekk ein samla gevinst på 3,4 mill. kr på desse to faktorane i 2019. Tilsvarende tal for 2018 var ein gevinst på 0,5 mill. kr.

mill. kr	område-/systempris		Meirverdi		Totalt		
	NO3	NO5	NO3	NO5	NO3	NO5	SUM
2016	0,3	-6,4	0,1	2,1	0,5	-4,3	-3,8
2017	0	-1,8	0,1	1,7	0,2	-0,1	0,1
2018	0	-3,2	0,3	3,3	0,3	0,2	0,5
2019	-0,1	1,3	0,2	2	0,1	3,3	3,4

Tap Nasdaq

I september 2018 vart ein større aktør sin handel på Nasdaq stoppa, og Nasdaq overtok og realiserte aktøren si portefølje. Dette medførte eit tap på 114 mill. EUR – om lag 1,1 mrd. kr. Dette tapet måtte dekkast opp av Nasdaq sjølv samt av alle medlemane på Nasdaq. Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem på Nasdaq og vi har blitt belasta med vår del av tapet – om lag 1,1 mill. kr. Nasdaq har, i samarbeid med aktøren, arbeida for at tapet skulle bli minst mogeleg for medlemane, og det er gitt signal at om lag 90 % av tapet vil bli tilbakebetalt medlemane. I 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått tilbakebetalt 405 000 kr.

Resultat for 2019

Budsjetterte konsesjonskraftinntekter for 2019 er 70 mill. kr. Det endelege resultatet viser 78,2 mill. kr – eit positivt avvik på 8,2 mill. kr. Hovudårsaken til mindreinntekta er:

- Avviket mellom systemprisen og områdeprisen vart betre enn budsjettert – om lag +3,4 mill.kr
- Kostnad kjøp av konsesjonskrafta var 0,2 øre/kwh lægre enn budsjettert – om lag +2,5 mill.
- Tilbakebetaling tap Nasdaq 2018 (1,1 mill.kr) er inntektsført med 0,4 i 2019

Utsiktene framover

Gjeldande økonomiplan 2020 – 2023 for Vestland fylkeskommune er basert på den konsesjonskraftmengde som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har saman og det prisnivået ein såg føre seg pr. september 2019. Prisbilete medio februar 2020 er vesentleg dårlegare enn det var på tidspunktet for fastsetjing av inntekter for budsjett/økonomiplan 2020 - 2023 haust 2019. Vinteren 2019/20 har vore ekstrem våt/mild noko som har påverka prisane negativt.

Volumet for 2020 er og vesentleg redusert i høve 2019/det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Nedgangen i fylkeskommunen sitt konsesjonskraftvolum er i hovudsak grunna auka uttak i Aurland kommune (30Gwh) knytta til forventta etablering av eit datasenter med oppstart 1 mars 2020. (ikkje den same bedrifta som var varsla oppstarta i 2019 men som det ikkje blei noko av).

Fylkesrådmannen kjem attende med ei ny vurdering av konsesjonskraftinntektene for Vestland fylkeskommune i tertialrapport 1/2020.